

Kurt Gjerde og Kjellaug Merkesdal

Austfjordvegen 2596

5981 MASFJORDNES

24.09.2023

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

## **Innspel/merknader til reguleringsplanen for Botnenseset**

I dag er det 7 hus og 1 hytte i Amundsbotn. I tillegg er det 6 naust i Søre Botnvika. Berre to av nausta høyrer til dei fastbuande her. Så har Fjon båtlag 50 vinter-båtplassar (faste og til utleige) i Nordre Botnvika.

Trafikken til alt dette går tett forbi både huset og løa vår, og vegen er svært uoversiktleg . Dette er til stor belastning for oss med tanke på både farlege trafikksituasjonar og støy heile døgnet, -året rundt.

Akebakken som ligg ved **alternativ 1**, bør bli lagt til rette på ein god og trafikksikker måte nærare skulen. Dersom ein legg vegen etter alternativ 1, vil dette føre til ein betre framkomst og sikrare trafikksituasjon både for oss fastbuande i Amundsbotn og for tilkomst til eit ev. nytt bustadfelt.

**Alternativ 2** ser me på som uaktuelt pga. stor trafikk rundt løa vår. Dersom ein legg vegen ned langs Kolerakyrkjegarden, treng ein ikkje utbetra eksisterande kryss i hovudvegen.

**Me vil koma med eit nytt alternatv** dersom det skal lagast veg ut til Botnenseset:

Ein kan leggja vegen ned i svingen sør for Kolerakyrkjegarden, vidare ned langs skråninga og over elva.

Vegen kan då i tillegg nyttast av dei som skal til Fjon båtlag si båthamn eller til naustområdet i Nordre-Botnvika.

Fjon båtlag har utvida båthamna frå 13 til 50 vinterplassar i båthamna sidan dei lagde vegen over innmarka på Prestegarden. Dette har ført til mykje større trafikk på denne vegen. Ny veg til bustadfeltet er teikna inn bak løa vår, der båtlaget har parkeringsplass. Dette fører til at båtlaget må ha ny parkeringsplass nede ved båthamna. På vinterstid må difor vegen over akebakken brøytast og dermed blir akebakken ubrukeleg som akebakke for barnehage og

skule. Me meiner difor at dette er nok ein grunn for å leggja vegen ned ved Kolerakyrkjegarden og stengja eksisterande veg over akebakken.

Ein kan og leggja ein stikkveg frå denne vegen inn til idrettsbana, slik at det blir ein trygg og kort veg til skulen frå eit ev. nytt bustadfelt i Botneset.

Følgjer ein dette alternativet, treng ein ikkje utbetra eksisterande kryss i hovudvegen. Ein har då heller ikkje bruk for busslommer eller gangveg langs hovudvegen fram til skulen. Dette vil medføra ei stor økonomisk besparing, slik at prosjektet har moglegheit for å verta gjennomført.

Me vil til slutt påpeika at dersom Masfjorden kommune hadde rive den gamle sjukeheimen og hybelhuset, som kommunen allereie eig, kunne ein bruke dette til utbygging/tomter. Då kunne ein framleis teke vare på Botneset som friluftsområde. Her er det flott natur og fin tursti som er lett å gå. Botneset er det siste friluftsområde som både unge og eldre kan nytta på Sandnes. Eit bustadfelt i dette området vil føra til at det ikkje er like attraktivt å nytta denne turløypa slik ein gjer i dag.

Med helsing

Kurt Gjerde og Kjellaug Merkesdal